

BRUKARAVTALE NEDGRAVEN LØYSING

Mellom:

Selskap: NGIR IKS
Org.nr: 804 167 402
Adresse: Lindåsvegen 1260
Kontakt: Bjørn Berg
Telefon: 901 10 545
E-post: bjorn.berg@ngir.no
(Heretter «NGIR»)

og

Selskap: FG Eiendom AS
Org.nr: 986 654 364
Adresse: Sagstadvegen 67
Kontakt: Frank Rune Dale
Telefon: 90 59 81 59
E-post: frd@fg-e.no
Fakturaadr: SAGSTADVEGEN 67, 5919 FREDHØG

(Heretter «Brukar»)

(i fellesskap kalla «Partane»)

Prosjektnamn, adresse: Alver brygge, Kyrkjevegen xx 28, 5911 ALVERSUND

Avtalenummer: 1

38 #

1 Generelt

Denne avtalen omfattar kjøp av nedgravne konteinarar gjennom NGIR sin avtale, i tillegg til regulering av ansvaret for eigarskap, vedlikehald og tøming.

Avtalen med tilhøyrande dokument er heimla i den kommunale forskrifta for innsamling og behandling av hushaldsavfall.

Dersom avtalen er inngått med utbyggjar som den eine parten, skal utbyggjar overføre pliktene i denne avtalen til burettslag / sameige for den aktuelle adressa, straks dette er etablert. NGIR skal informerast om denne overføringa.

2 Dokumenta i avtalen

1. Kommunal forskrift om hushaldsavfall
2. Dette avtaledokumentet.
3. Gjeldane retningslinjer for nedgravne konteinarar, ref vedlegg.
4. Spesifikasjon og monteringsretteleiar av nedgravne konteinarar type Metro, leverandør Strømberg as, standard type.

Dokumenta er oppført i prioritert rekkjefølgje.

3 Funksjon, dimensjonering og plassering av nedgraven løysing

Nedgraven løysing skal, om ikkje anna er spesifisert, omfatte dei same avfallstypene som vert samla inn i den kommunale innsamlinga.

Nedgraven løysing er dimensjonert i samsvar med dokument nr. 3, og vil ut frå 36 bueiningar omfatte følgjande nedgravne einingar:

- 1 stk. for restavfall med brutto volum på 5000 l.
- 1 stk. for matavfall med brutto volum på 5000 l.
- 1 stk. for papir/papp med brutto volum på 5000 l.
- 1 stk. for plastemballasje med brutto volum på 5000 l.

Planlegging og plassering av dei nedgravne løysingane er i samsvar med dokument nr. 3 og 4.

4 Oppmoding om (Plikt til) kjøp av konteinarar til nedgraven løysing

BB



NGIR har inngått rammeavtale for kjøp av nedgravne avfallsløysingar med Strømbergs as. Dette er løysingar som NGIR gjennom anbudsprosess og kvalitetsvurdering har funne tenlege, og som tilfredsstillar NGIR sine krav til einheitlege løysingar.

Det er ynskjeleg at utbyggjarar gjer innkjøp i denne avtalen.

Oppgjeven einingspris inkluderer transport fram til brukaren si byggegrøp, og dei nedgravne einingane vert levert med standard funksjonalitet, jf. dokument nr. 4.

Inkludert i leveransen er 36 ID-brikker, ei til kvar bueining.

Dersom brukar ønskjer tilleggfunksjonar, må dette avtalast og betalast direkte til leverandør.

5 Brukaren sine plikter elles ved etablering av nedgraven løysing

Brukar har ansvaret for planlegging av tiltaket, inkludert tilstøytande areal, og kan stadfeste at alle offentlege godkjenningar er på plass før etablering. Brukar skal også etablere naudsynte fysiske tiltak for sikring mot påkøyning og ulovleg parkering. Brukar skal utføre graving og montering av ytterkonteinarane i samsvar med løyve frå kommunen og tilvisingar frå leverandøren. Brukar må syte for lossing og tilhøyrande nødvendig utstyr. Brukar må dekke eventuelle ekstrakostnader dersom byggegrøp/fundament ikkje er klar når konteinarane vert levert.

NGIR lånar ut løfte åk for løft av ytterkonteinarar. NGIR monterer innarkonteinar. Brukar er ansvarleg for å koordinera dette arbeidet med NGIR. Kostnadar i samband med kranbil vert fordelt slik: Brukar tar kostnaden i samband med montering av ytterkonteinarane, NGIR tar kostnadane med montering av innarkonteinarane samt transportkostnadar.

Etter etablering og før oppstart skal utbyggjar sende over kopi av KUF-ferdigattest til NGIR for å dokumentere at løysinga er etablert i samsvar med denne avtalen. Attesten skal vere på avtalt format, og skal som minimum omfatte referat frå ferdigsynfaring og as-built-teikningar.

6 Fordeling av eigedomsrett og ansvar etter etablering

Etter at dei nedgravne konteinarane er etablert og akseptert av NGIR slik at innsamling av avfall kan startast opp, vert ansvaret for eigarskap og vedlikehald fordelt slik:

- Brukar har eigedomsretten for alle ytterkonteinarar i betong, og skal syte for vedlikehald og reinvestering av desse.

- Brukar er vidare ansvarleg for å tilsyn og vedlikehald slik at innsamlinga kan skje på ein føremålstenleg måte utan hindringar. Brukar er også ansvarleg for vedlikehald av eventuelle tillegg til standardløyising på nedgraven eining.
- Ved eventuelle tapte eller øydelagde ID-brikker, må brukar kjøpe dette frå NGIR. Pris på dette er kr 250 inkl mva.
- NGIR overtek eigedomsretten for alle innerkonteinrarar, inkludert søyle og innkast med tilhøyrande funksjonalitet, og skal syte for vedlikehald, reinhald og reinvestering av desse. Vedlikehaldet omfattar også eventuelt fjerning av tagging og liknande.
- NGIR er ansvarleg for eventuelle skadar som skjer ved innsamling av avfall.
- Brukar er ansvarleg for alle andre skadar, og det vert føresett at brukar har forsikring til å dekke slike skadar.

7 Kommunalt avfallsgebyr

Kvar buening vert fakturert avfallsgebyr frå NGIR/kommunen i samsvar med til ei kvar tid gjeldande gebyrreglement.

8 Misleghald

Kontrakten kan hevast ved vesentleg misleghald. Døme på misleghald frå brukar, er stadige tilfelle av manglande opprydding, eller stadige tilfelle av avvik ved kjeldesorteringa.

Ved vesentleg misleghald frå brukar kan NGIR bestemme at innsamling av avfall må skje ved bruk av behaldarar, i samsvar med regelverket for dette.

Ved krav om misleghald skal dette varslast skriftleg. Ved eventuell overgang til innsamling frå behaldarar skal dette varslast minimum 2 månader på førehand.

Løysinga med nedgravne skal uansett vere i drift fram til NGIR har fått på plass ei løysing med behaldarar.

Dersom avtalen er terminert, har NGIR rett til å fjerne den delen av den nedgravne løysinga som NGIR har eigarskap til. Brukar har då ansvaret for å fylle igjen og sikre ytterkoneinane.

9 Oppseiing og endringar av løysing

Avtalen om bruk av nedgravne løysingar gjeld frå signeringstidspunkt og fram til ein av partane seier den opp. Eventuelt oppseiing må varslast minimum 6 månader på førehand.

Ved eventuell oppseiing vert innsamlinga utført ved bruk av behaldarar, og NGIR har rett til å fjerne sin del av nedgraven løysing, tilsvarande som for misleghald.

Partane kan bli samde om endringar i avtalen. Det skal i så fall førast ein endringsprotokoll.



11 Signatur

Dette avtaledokument med alle tilhørende dokument (jf. punkt 1), er i 2 - to - likelydande eksemplar, der partane har kvar sitt.

For NGIR

Hundvin , 22.3.2019
Stad Dato

Björn Berg
Signatur

Björn Berg, dagleg leiar
Namn, stilling

For Brukar

Frank Dale , 19.03.2019
Stad Dato

Frank Dale
Signatur

Frank Dale, dagleg leiar
Namn, stilling